

# Natur og Ungdoms Arbeidsprogram 2025



**I 2025 har Natur og Ungdom eit særleg prioritert mål for det politiske arbeidet:**

Klima og natur vinn i valåret 2025

**Under eit samla hovudmål vil vi jobbe med tre prioriterte saksfelt:**

Omstilling, hav, og natur

**Vidare skal det arbeidast med:**

- Skogprosjektet
- Aust- og Barents
- Internasjonalt
- Samferdsel
- Landbruk

**Sentralstyret kan omprioritere ressursar og satsingar dersom:**

- Nussir ASA startar anleggsarbeid ved Repparfjord.

# VALÅRET

Hausten 2025 er det stortingsval. Dette valet vil vere heilt avgjerande for at vi når klimamåla og naturmåla. Innan 2030 skal Norge kutte 55% av våre klimagassutslepp, men no ligg vi an til å kutte 26%. I tillegg ligg vi langt ifrå å nå målet om 30% vern. Natur og Ungdom må sørge for at stortingsvalet i 2025 blir eit ordentleg klima- og naturval. Vi må vere synlege i heile landet, gjere dei tinga vi er best på og jobbe målretta for at klima og natur vinn i valåret 2025.

## **Mål: Klima og natur vinn i valåret 2025**

### **Delmål:**

- Klima og natur er på dagsorden før og under valet
- Klima og natur får gjennomslag i ny regjeringsplattform
- Natur og Ungdom blir ein viktig formidlar av klima og natur

### **Vi skal:**

- Skape eit tydeleg og enkelt narrativ, gjennom målretta kommunikasjonsstrategi og felles valkampanje for hele organisasjonen
- Bruke aksjonisme aktivt over heile landet for å setje klima og natur på dagsordenen.
- Arrangere ein aksjonscamp i løpet av valkampen og aksjonere under regjeringsforhandlingane
- Ha fokus på val på alle nasjonale arrangement
- Skape felles front med miljøkreftene i politikken for å løfte klima- og miljøsaaka

# HAV

Valet 2025 markera starten på den siste stortingsperioden før vi skal ha nådd klima- og naturmåla våre. Hava våre er under sterkt press. Norske myndigheiter ynskjer å bruke areala til gruvedrift på havbotnen, deponering av giftig gruveavfall og forureinande oppdrett. For å hindre at havet sine ressursar går tapt, treng vi politisk leiarskap, som tar livsgrunnlaget vårt på alvor. Norge må innføre moratorium for gruvedrift på havbotnen, forby gruedumping og få fisken inn i lukka anlegg.

## **Mål: Klima og natur vinn i valåret 2025**

### **Delmål:**

- Den valde regjeringa innfører eit moratorium for gruvedrift på havbotnen
- Fjordane vekker miljøengasjement og flytter stemmer til miljøpartia

### **Vi skal:**

- Bygge eigarskap til gruvedrift på havbotnen hos relevante parti på tvers av politikken i samarbeid med lokallag
- Synleggjere den eksisterande motstanden mot gruvedrift på havbotnen inn mot valet
- Aksjonere under aksjonsleir i valkampen
- Utvikle ein strategisk argumentasjon mot gruvedrift på havbotnen til valkampanjen
- Aksjonere for fjordar som er trua saman med lokallag langs kysten
- Lage ein fjordkampanje som viser kva verdiar som står på spel og kva parti som har den rette politikken
- Vinne Fjordsøksmålet
- Arrangere Fesk Førre Framtida med fokus på valkamp i nord

# OMSTILLING

Valet 2025 markera starten på den siste stortingsperioden før vi skal ha nådd klima- og naturmåla våre. Skal verda nå 1,5-gradersmålet kan ingen ny fossil energi utvinnast. Derfor er det avgjerande at stortingsvalet føra til eit reelt skifte i norsk oljepolitikk. Skal dette skje må klimapartia si oppslutning auke og Arbeiderpartiet eller Høyre må ha mandat til å gjennomføre ei omstilling vekk frå olje og gass. Då må klima bli ein av dei viktigaste sakene for veljarane i stortingsvalet. For å oppnå dette må kommunikasjon være sentral og gjennomgåande i alt arbeidet vårt. Vi må vere synlege i gatene og sørge for at narrativet rundt olje og gass i Norge endrast.

## Mål: Klima og natur vinn i valåret 2025

### Delmål:

- Oljemytane knusast, og vår fortelling blir sentral i valkampen
- Ingen ny oljeleiting etter stortingsvalet
- Nytt ungdomsopprør mot olje og gass

### Vi skal:

- Bruke tydeleg og gjentakande budskap i kommunikasjonsarbeidet
- Bruke digitale plattformer målretta og overtydande for å formidle fortellinga vår
- Samarbeide med fagrørsla for å styrke kvarandre i arbeidet for rettferdig omstilling vekk frå olje og gass
- Møte Arbeidarpartiet og Høgre lokalt i forkant av landsmøta for å fremme god oljepolitikk
- Sette klima på dagsorden med ei nasjonal stormarkering tett opp mot stortingsvalet
- Aksjonere mot elektrifiseringa av Melkøya
- Aksjonere mot olje og gass i heile landet, også under aksjonskamp
- Vinne oljesøksmålet, og klimaklagen i den Europeiske menneskerettsdomstolen

# NATUR

Vi kjemper mot klimagassutslepp for å gi naturen stabile levevilkår, mot miljøgifter for å spare sårbare arter, og mot overhausting for å ivareta habitata. Du pusta, et og lever natur. For å gi stabile levevilkår til menneskeheita, treng vi ein stabil natur. Det er ikkje dagens status; over 70 prosent av verda sine ville dyr er forsvunne, og kvart år dør det ut over 17 tusen artar. Naturavtalen sitt mål om 30% vern og 30% restaurering av natur før 2030 er ikkje nådd, og ligger ikkje an til å bli det heller. Heldigvis har befolkninga vakna og står opp mot naturødeleggingar. Ein art dør berre ut éin gang, og for å redde naturen treng vi ei grøn regjering med eit godt naturmandat etter stortingsvalet.

## Mål: Klima og natur vinn i valåret 2025

### Delmål:

- Vår naturforteljing mobilisera fleire stemmer til miljøpartia
- Etter stortingsvalet oppfyller Norge naturavtalen
- Elektrifiseringa av Melkøya blir lagt på is.

### Vi skal:

- Gjennomføre målretta aksjonar mot naturinngrep i samarbeid med lokallag
- Gjennomføre aksjonar for natur under aksjonscamp i valkampen
- Jobbe spesielt retta mot veljarmassen i distriktet for å flytte veljarar til parti med god naturpolitikk
- Kommunisere koplinga mellom lokale naturinngrep og nasjonal naturpolitikk tydeleg
- Vidareføre samarbeidet med samiske organisasjonar om rettferdig og berekraftig naturforvaltning
- Aksjonere mot elektrifiseringa av Melkøya
- Lage ein rettleiar på nettsida om korleis ein kan påverke lokale natursaker.